

Til
Bømlo kommune
V/Njål Gunnar Slettebø

Stord, 15.02.2022

Detaljplan for Moster sentrum, Moster Amfi og hamnepromenade.

- Status for planarbeidet

Innleiing

I oktober 2020 varsla ein oppstart av planarbeidet for Moster sentrum, Moster Amfi og hamnepromenade. Prinsippsøknad for melding om oppstart vart handsama i utval for areal og samferdsel 14.10.2020. Hovudmålsetnaden med planarbeidet var definert som; *Å få til ei god utvikling av sentrumsområdet i Moster, vidareutvikle områda rundt Moster Amfi og etablere ein hamnepromenade frå gamle ferjekaien, forbi Moster Amfi og nytt bustadfelt på Dalaneset, og fram til Gruvo. Serklauvegen skal dimensjonerast for tungtrafikk og trafikksikrast. Fylkesveg 542 er nyleg vedteken, og vert lagt til grunn for planarbeidet.*

Status og tilråding vidare planarbeid

Sidan oppstart av arbeidet har ein særleg jobba med utviklinga av Moster sentrum og hamnepromenaden, samt området ved den gamle ferjekaien. Under er ei skildring av arbeid, prosess og tilrådde endringar for planarbeidet. I tillegg har plankonsulent hatt arbeidsmøte med Moster Amfi der dei la fram sine planar for området. Planlegging av områda ved Moster Amfi og kyrkjehistoriske senter vil ta utgangspunkt i illustrasjonar utarbeida for oppgradering av amfiet (Moster Amfi AS). I tillegg vil ein opne for tiltak og aktivitet knytt til område ved Vetahaugen.

Moster sentrum

Det er gjennomført arbeidsmøte med grunneigarar og interessentar i sentrumsområdet der ein la fram illustrasjonar av ny situasjon. Hovudtrekket frå møtet var ein positivitet til det som vart lagt fram, samt at det kom fram ein del konkrete innspel til type arealføremål, høgder m.m. I møtet vart også skisser av Omsorgstunet presentert.

ABO har jobba med å justere og oppdatere illustrasjonane med utgangspunkt i det som vart presentert i møtet og innspela herifrå.


Hamnepromenade

Det er gjennomført eitt digitalt folkemøte med grunneigarar og interessentar ved sjøområdet, der hovudtilbakemeldinga var at dei ønska at kommunen gjennomførte eit nytt møte med synfaring i området. Til begge møta vart det presentert konkrete skisser som viser mogleg traseval og utforming av promenaden. Utgangspunktet for skissene er at promenaden skal knytte gamle ferjekaien saman med Dalaneset med ein trase på kai/sjønivå. Vidare at dette skal vera ei offentleg, universelt utforma gangsgang. I tillegg, at ein i vurdering av trase tek omsyn til bustadeigedomar, samt at eksisterande infrastruktur som kai/brygger og terreng vert nytta for å etablere promenaden.

På synfaringa 27.09.2021 møtte om lag 20 grunneigarar, interessentar og Grendalag opp. Grappa gjekk heile traseen med stopp undervegs der traseen vart presentert. Det var oppe for tilbakemeldingar og innspel undervegs på turen.

Innspele frå grunneigarane var i hovudtrekk negative til forslaget som vart vist fram. Grunneigarane meinte at ein hamnepromenade ville øydelegge for deira bruk av sjøtomtene til næring, nausttomter, fritids- og bustadføremål. Dette vil forringa deira bruk av tomtene og det ville redusera verdien av tomtene. Dersom det skulle regulerast og byggjast ein promenade på 3 meter framom naust og rorbuene ville det føre til at båtane måtte flyttast lenger ut. Her var det meir vêrhardt og forholda for å ha båtane liggjande ville bli vanskelegare. Verken tinglyst rett til promenade eller oppkjøp av areal eller ekspropriasjon var ønskeleg.

Vidare sa grunneigarane at det var ok at folk gjekk forbi slik dei gjer i dag, men det blir noko anna når det vert regulert og tilrettelagt som promenade. Det vart poengtert at det er generell allment tilgang til strandsona, men ikkje ønske om å skrive i føresegnene at sjøområdet er allment tilgjengeleg. Ønske om full råderett. Det vart også kommentert at det er like fint for folk å gå lenger frå sjøkanten bakanfor nausta på kulturstien, langs det nye forttauet som er regulert i fylkesvegplanen eller Dalanesvegen. ABO informerte om at løysinga med kulturstien ikkje vil kunna oppnå krava for universell utforming.



Figur 1. Illustrasjon av trase, lys og mørkeblå linje, framlagt i møte og på synfaring.

Med bakgrunn i denne tydelege tilbakemeldinga og motstanden frå grunneigarane har ABO saman med administrasjonen vurdert og komme fram til at ein tek ut hamnepromenaden frå planarbeidet. Ein tilrår at plangrensa for prosjektet vert redusert. Sjå figur 2.

Den gamle ferjekaien


Området ved gamle Moster ferjekai var ved oppstart av planarbeidet skissert nytta til bustad og småbåtanlegg eller bubilparkering og grøntområde. Ein sa då at planarbeidet må sjå på dei ulike positive og negative momenta i plassering av tiltaka.

Det har vore eit privat initiativ om å legge til rette for småbåthamn og molo, gjestehamn, då det er mangel på slikt på Moster. På synfaringa knytt til hamnepromenaden vart det orientert om tankar om oppstillingsplassar for bubil og forlenging av eksisterande molo sørom ferjekaien for å legge tilhøva til rette for gjestebåthamn. Dette var alle frammøte einig om var viktig og framtidsretta å få regulert inn

Ein ønskjer difor å gå vidare med dette i delområdet ved den gamle ferjekaien. Innspelet om utviding av molo ved innløpet av hamna inneber at planområdet må utvidast noko i sjø. Sjå figur 2.

Vidare arbeid

Som konsekvens av, og med utgangspunkt i punkta ovanfor har ein utarbeida forslag til ny plangrense. I tillegg har Bømlo kommune starta planarbeid for Serklau Industriområde som omfattar Serklauvegen fram til fylkesvegen. Som ein konsekvens av dette rår ein til at Serklauvgen vert trekt ut av reguleringsplanen for Moster sentrum etc. Sjå figur under. Forslag til endra planområde er om lag 151 stort. Tidlegare varsla planområdet var om lag 290 daa.



Figur 2 Planavgrensing varsla i 2020 (svart stipla linje) og forslag til redusert plangrense (blå linje). Sjå også vedlagt kart til brevet med forslag til ny plangrense.

Med dette brevet gir me ei orientering om status i planarbeidet, og ber om ei politisk tilbakemelding på dei tilrådingane til arealbruk og endra plangrense som her er omtalt.

Med vennleg helsing
ABO Plan & Arkitektur Stord AS
Turid Verdal

Vedlegg

Forslag til ny plangrense.